

Edvard Rūid:

102412

A 1.5.3.2.1.2: Peder Ragnvald Berg Rolness, f. 01.06.1892, d. 25.09.1979

Født på Nord-Rollnes. Begynte som fisker og "rodde" såvel Lofoten som Finnmarka. Brøt av og leste til middelskole på Borkenes. Bodde i prestegården der han selv senere ble residerende prest. Artium i Oslo på ett år ("Hauges Studentfabrikk"). Teologisk embetseksamen ved Universitetet, i Oslo, den første som skrev samtlige besvarelser på nynorsk. Ungdomsprest i Hålogaland. Sokneprest i Kinn, bopel i Florø, 1924 - 35, Tromsøysund, bopel i Tromsø, 1935 - 42 og Kvæfjord, bopel Borkenes, 1948 - 1960.

Ligger begravet på Ibestad nye kirkegård.

Gift med Ragna Marie Nilsen (se C 1.1.)

- Barn:
1. Per Berg, f. 1921, (se A 1.5.3.2.1.2..1.)
 2. Kari, f. 1922. Døde like etter fødsel. Ligger på Trondenes kirkegård, ukjent grav.
 3. Kjartan Berg, f. 1923, d. 1927. Ligger på Florø kirkegård.
 4. Gaute Berg, f. 1924, (se A 1.5.3.2.1.2.4.)
 5. Randi Berg, f. 1926, (se A 1.5.3.2.1.2.5.)
 6. Roar Berg, f. 1927; (se A 1.5.3.2.1.2.6.)

Peder Ragnvald Berg Rolness

(Det som her følger, er håndskrevet innført i embetsboken for Kvæfjord menighet)

Født på Rollnes i Ibestad 1. juni 1892 av gammel fisker- og bondeætt i Astafjord og delvis i Trondenes. Eg er den eldste av 6 søner. Middelskole i Kvæfjord 1911, artium Hauges Minde, Oslo, 1913, Teologisk embetseksamen Universitetet 1918 (H) og practicum 1919 (L). Stiftskapellan (ungdomsprest) i Hålogaland 1919/1924, sokneprest til Kinn (Florø) 1924/35, sokneprest til Tromsøysund 1935/42 (1943), prost i Troms prosti 1940/42 og sokneprest i Kvæfjord 1948/1960.

Gift i 1919 i Drammen med lærerinne Ragna Nilsen Solvang f. i Drammen 7. septbr. 1892. Barn: Per, f. i Kabelvåg 1921, Gaute, f. i Harstad 1924, Randi, f. i Florø 1926 og Roar, f. i Florø 1927 + 2 barn døde.

###

.....
.....
.....

Bak desse tala ligg ein sterkt skiftande arbeidsdag, men med levande kontakt med dei store brytningane og omskifte i tida frå 1907 og utover, nasjonalt, kulturelt og religiøst.

Då eg starta firskarlivet i 1907, var det sjølv sagt tradisjon at son fylgde far, dvs. for meg: å taka sikte på eigen fiskarbåt (høvedsmann) og so farsgarden som odelsson.

I 1909 kom det store omskiftet i Ibestad, frå segl til maskin. Eg blei bydd halvparten av den storskøyta eg var med i finnmarksesongen. Hadde då slege far min som høvedsmann med 1 år, for han var 18 år då han fekk leige (låne) ottring, og eg var berre 17 år. Men eg var bestemt på å bryte tradisjonen og sa nei. Far min gråt, men eg gjekk inn på amtskolen i Ibestad om hausten. Og so blei det bondestudentens tronge veg med halv skoletid, litt lesing heime og arbeid innimellom for å hjelpe på økonomien, mykje å sakne og av og til direkte svolt. Soleis blei det berre eitt år mellomskole, og det blei i Kvæfjord 1910/11. Budde meste tida hos Bugge i prestegarden, men drømde ikkje om å bu der seinare som prest. - I 1911/12 gjekk eg heime, las litt hos presten i Ibestad og hadde noko skolearbeid. So artium på Hauges Minde, Oslo, på eitt år (1912/13). Og so tilbake til folkeskolen i Ibestad 1913/14 (44 vekers skole i 2 krinsar) til kr. 22.- for veka. Det var mange pengar den gongen.

Frå 1914 til våren 1919 teologisk studium, først ved Menighetsfakultetet og so ved Universitetet. I studietida dreiv eg med skolearbeid ved sida av, t.d. ved Treider 1916/17. - Om somrane var det anna arbeid. Soleis styrte eg soldatheimen på Elvegårdsmoen 1916 og 1917, og løyste i 1917 handelsbrev. Somaren 1918 var eg sekretær i Norges Kr. Ungdomsforbund som vikar for Arne Fjellbu. - Hausten 1918 teol. embetseksamen og fekk Haud. Rett nok hadde eg Laud i alle skriftlege fag (9+9+9+10, laudgrensa var då 6,5) men so fekk eg Non (5) i ut. mundtleg. Det var lita hjelp i at dei sa: Det var den finaste Haud som var teken til då. Det kjendes som eit hardt nederlag. Eg hadde ikkje råd til å halde fram til ny eksamen

Har hatt desse 3 studiefjerder: 1922/23: 1 tysk semester i prakt. teologi i Marburg. 1928/29: 10 mnd. studietid i England og Skottland (Oxford, London og Edinburg) og styrte ei tid (våren 1929) Den norske Sjømannsmisjons stasjon i Skottland. - I 1930 eit psykoanalytisk kurs hos dr. Pfister i Zurich. Det ble mest praktisk teologi og religionspsykologi eg dreiv på med.

Sosialt: I februar 1910 blei eg vekt og omvendt "politisk og nasjonalt". Politisk frå radikal venstremann (fars standpunkt) til sosialist, og nasjonalt frå riksmålsmann til målmann. - 17. mai 1912 heldt eg ein 17.maitale på bygdemål, eg heldt på å bli arrestert av lensmannen som trudde det var direkte ulovleg. - Alt i 1913 var eg aktivt med i politisk arbeid, særleg i valgarbeidet. I studietida var eg med i Sosialistisk Studentlag, mesteparten av tida i styret. Bolsjevikerevolusjonen i 1917 løyste ut ei sterk revolusjonær stemning i mange av oss og den heldt seg til 1919, då dei første moskvatesene kom og eg såg at russerrevolusjonens ideinnhald var stikk i strid med det eg og mange med meg meinte og trudde. -- Var aktiv med i partiarbeid til 1936, soleis med i Florø bystyre. Men eg kom etterkvart til at radikalt politisk arbeid og prestearbeidet ikkje gjekk godt nok saman for mitt noko aktive og kampglade huglynde. Og eg fekk då nok av direkte vondkyndt motstand på grunn av mitt politiske syn. Teolog og radikal sosialist i den tida var noko av eit pionerarbeid og det kosta å gå føre og brøyte veg. Men eg var ikkje åleine om det. Festleg var det i alle fall.

I det nasjonale var det ikkje berre målsaka. Den var vel berre eitt uttrykk for den framhaldande nasjonale reising. Mine sterkaste impulsar i målsaka fekk eg frå Vinje og Chr. Bruun. Difor blei den grundtvigske nasjonalromantiske retning med høgskolen og demokratisering på brei folkeleg grunn kursretning for meg. Eg lærde meg nynorsk ved lesing og skreiv den eine stilen til artium på nynorsk. Det var ingen annan i Oslo det året som gjorde det. So sa dei i alle fall. Eg brukte også nynorsk til embetseksamen, og er den første teolog som skreiv alle oppgåvene på nynorsk.

Ungdomsprettida 1919/24 var ei slitsam, men inspirerende tid. Det blei etter måten lite med fast prestekallsarbeid (Bodin, Vågan, Lenvik, Ibestad og Trondenes) men so mykje meir ferdaliv. Det var naturleg at det frilynde ungdomsarbeid og vitjing av ungdomsskolane tok mesteparten av tida. For dette arbeid var sterkt utbygd og det var lett å nå ungdom og folk flest gjennom lag og samskipnad innan denne rørsla. Var ei tid formann i Lofoten og Vesterålen U.L. Det var lett å samle folk i den tida og interessa var stor. Difor blei det ei festleg tid, sjølv om reiselivet var stridt nok med dei kommunikasjonane vi hadde då. Eg nådde heller ikkje lenger enn til Troms og Nordland. Eg makta ikkje å gjere noko i Finnmark endå eg hadde opp til 260 reisdagar i året.

Våren 1924 for eg til Kinn (Florø). Det var eit av dei største prestegjeld på den kanten av Vestlandet. På grunn av teologmangelen måtte eg styre både soknekallet og det residerande kapellaniet i dei første 4 åra. Det blei to manns arbeid. Attåt det kom eg snart med i allslag misjonsarbeid, særleg indremisjon, heidningemisjon, kristeleg ungdomsarbeid og ikkje minst sjømannsmisjonsarbeidet. Mi sterke interesse for jordbruk fekk eg ogso utløsning for. Dreiv opp Kinn prestegard med 100% (fra 9 til 18 kyr), fekk grøfta 2,4

km. grøft, la kulturbeite og bygde lannkum. Slikt var mykje godt ukjent i dei stroka då men vart god inspirasjon for folk. - Prestearbeidet var elles slitsamt på det viset at det ikkje fanns vegar so eg rådde meg eigen motorbåt og blei etterkvart meire kjend med havbotnen enn på landjorda. Det kom ve'l med at eg hadde sjøen og "styrvollen" i blodet,

Arbeidstida i Kinn førte ogso med seg at eg kom i direkte kontakt med den religiøse innstilling som eg kjende så vel frå min barndomsheim, og som eg i studietida var komen heller langt bort frå. Omgangen med Gud i barndomsheimen (bestemor) var likso sjølvsgagt som omgangen med menneske, og Gud var med i råd og dåd. Alt i 1925 blei eg gjenom ei sterk oppleving ført heilt bort frå den liberale teologi og over i ortodoks teologisk innstilling. Men eg har aldri kjent meg heime i anda i Hallesbys sekt- og ukjerkelege teologiske innstilling. - Men verlaget og skoletilhøva var slike at i 1935 bestemte vi oss til å skifte arbeidsmark. Det blei Tromsøysund. Men det var hardt å forlate Kinn. Vi hadde grodd for fast der. I Kinn starta eg Kinn Menighetsblad, so vidt eg veit det første på landsbygda i Norge.

I Tromsøysund blei det eit hektisk arbeidsliv. Eg hadde ikkje anna arbeidshjelp enn hjelpeprestar no og då. Dei økonomiske tilhøva, særleg frå 1928 til 1937, var so vanskelege både i Kinn og i Tromsøysund at omsynet til trengande og direkte fatige låg heller tungt på oss. Men frå 1937 lysna det.

I 1937 fekk eg bygd "Holmesund", den første "småtrålar" i Troms. Båten vart bygd for sildesnurp, stubb og trål. Ideane var rette, men alt anna var ikkje godt nok. Og røynsla på dette område var for lita. Men det blei likevel grunnlaget for Ytre Rolløya Fiskarsamvirke som har vore noko av pioneren på tråldriften her nord.

Men so kom det tyske overfallet. Og dermed fekk eg den tyngste tida eg har opplevd. Då det eg kom ut i i den tida førte til at eg fekk Kvæfjord som mitt tredje og siste soknekall, ligg det nære å skissere bakgrunnen og grunnen til at eg kom til Kvæfjord.

Den første verknaden av overfallet var for mitt vedkomande at den gamle antimilitaristiske innstilling og "tru" brotna saman. Natta til 12. april låg eg på hurtigruta i Øksfjord på tur frå Båtsfjord, der eg hadde vigd ein ny sjømannsheim. Eg opplevde den natta dagklart korleis dei gamle urinstinkt og kampinstinkt vakna og tok makta i hugen. Då so vi fekk kampen i Nord-Norge april til 7. juni, var det naturleg at vi reagerte sterkt mot det vi opplevde som svikt og svik av folk sørpå som fann seg i, og delvis hjelpte tyskarane med å ta Nord-Norge. Quisling datt jo med ein gong ut av biletet og Administrasjonsrådet sto for oss som ansvarleg for "knefallet" og sviket. Då utenriksminister Halfdan Koht hengde ut Berggrav som eksponenten for dette sviket, sa so mange av oss ja av fullt hjarta. For meg var dette ikkje så lite av "hjarteilt", fordi Berggrav hadde inspirert og fascinert meg so mang ein gong og eg rekna han som personleg ven, ei grunninnstilling som eg forresten aldri mista. Men eg let meg rive med av den antiberggravske stemning, soleis i kringkastingspreika frå Tromsø 17. mai. Den stemninga heldt seg som ulyst mot han under heile krigen. Det var først og framst den moralske vandelsattesten han ga tyskarane i april i kringkastinga. Etterkvart kom det fram at han blei som eit slag konferansier for Terboven & Co, og ikkje berre takka Gud for Terboven 1. pinsedag i Domkyrkja, men var med på å få Kongen avsett, og på turen hit nord i juli arbeidde for riksrådstanken sin på ein slik måte at det verka som eit slag agentur for Terboven. Han samla t.d. på navn til dette riksrådet, som Terboven kunne godkjenne. Då eg fekk greie på at han fekk bispemøtet i oktober til å vedta at tyskarstyret skulle godkjennast etter Rom. 13.1 flg. og at embetseida av den grunn skulle annullerast, høvde det altfor godt inn i mønsteret. Det var difor ikkje berre ein medfødt oposisjonslyst og altfor sterk individualisme som fekk meg til å stille meg so skeptisk til alt som kom frå den kanten, men også ei sterk kjensle av at vi, den einskilde, stod ansvarleg for å hevde og verge alt som heitte norsk innstilling.

To opplevingar i 1941 sette djupe merke og gjorde sitt til min "svikt", som mange kalla det:

a) Utpå sommaren 1941 stod vi i Jonas Lies gt. i Tromsø og såg på eit tysk kompani marinesoldatar marsjere forbi med naken overkropp i det sterke solskin og dei song av full hals. Då kom det over meg ei lyst til å myrde dei, so sterk at hadde eg då hatt ei mitraljose, og elles kunna det, so hadde eg meidd ner kvar einaste med den største lyst, utan omsyn til konsekvensane for meg og mine. Men so var det liksom eg såg inn i meg sjølv, og det var eit sjokk. Eg kom meg inn i prestegarden, låg på kne og strei ein intens sjelestrid.

Spørsmålet var dette: Kva er det som har hendt med deg, antimilitarist og kristen, og so menneskemordar med kvar fiber i di sjel? Kor lenge striden stod på, veit eg ikkje, men ein klar tanke stod igjen: Skal heile folket vårt bli som gjennomteira av denne kains-anda, kven skal so vera med å bygge opp ei menneskeverdig verd etter dette? Sida såg eg det so at den største færen for oss var at vi skulle miste vår "kristensjel". Slavav under det vonde, under hat og hemntankar, ville då bli vårt største og eigentlege nederlag. Det var med å bestemme min ulyst på den form som kjerkekampen tok, og den ånd som gjekk gjennom det heile.

b) Hausten 1941 fekk eg - som eg meinte og trur er rett den dag i dag - ein påliteleg informasjon om det tyskarstyret eigentleg meinte om Quisling. Han skulle forsvinne når Tyskland hadde vunne. Det var same taktikken som kolonimaktene, ikkje minst England, hadde brukt, nemleg å sette parti og interessemotsetningar opp mot kvarandre i okkupert område - og so sjølv utnytte det underkua folket so mykje lettare til eigen fordel. Det betydde for meg at tyskarane ville ha NS og oss andre til å øyde våre krefter innbyrdes, for at dei so mykje tryggare kunne bygge ut norskekysten til ei festning for Stor-Germania imot Atlanterhavet. Frå då av begynte eg å tykkje synd i NS, sviken av tyskarane og forhatt og vanakta av sine egne landsmenn. Det var deira tragedie.

Men eg gjekk forsåvidt heilhuga med til våren 1942. Då so parolen om embetsnedlegging kom våren 1942, og fekk den forma at ein gav frå seg til "Staten" det som ein hadde fått frå Staten (tyskarstyret etter Rom. 13,1 flg.) var eg absolutt ueining i framgangsmåten. Det kjendes som direkte kapitulasjon og nederlag. Eg bestemte meg, eg måtte få halde meg innafør truskapseida til kontitusjon og Konge, og då var den lovlege vegen - etter norsk kjerkerett - den einaste mogelege. Eg let mitt standpunkt protokollere i møteboka for Tromsøysund og søkte avskil. At NS-maktene saboterte dette, var ikkje mitt ansvar, slik at eg ikkje fekk avskil før utpå vinteren 1943, og då naturlegvis utan "i nåde", altso i unåde.

Men den millombels kyrkjestyringa ville ikkje godkjenne dette og eg fekk oppleve "isfronten" so å seie på kroppen. Isolasjonen og motstanden var ille nok. Då eg blei forvist til Helgøya hausten 1944 og eg kom dit utpå vinteren 1945, var det bestemt at eg skulle frysast ut. Eg måtte røme til Oslo og låg der den siste tida før kapitulasjonen. Der kom eg forresten inn i den indre ringen i kommunistheimefronten, og det var sanneleg noko å vera med på.

Men det som låg som ein angest i hugen, var dette: Korleis skal folket vårt no greie seg åndeleg når vi blir frie? Kva ånd vil då få makta hos oss? Det seier seg sjølv at både den bibelske motivering for å innføre dødsstraff og rettsoppgjering på mange måtar var eit personleg nederlag for min gamle optimistiske tru på det gode i folket vårt. Og der gjekk dei kristne leiarane stort sett i brodden med sitt korsfest-rop.

Det kjerkelege rettsoppgjering med dei biskopelige hyrdebrev om dette, ser eg den dag i dag på som vårt største nederlag i den åndskrisa som vi kristeleg og kjerkeleg då var inne i.

At eg sjølv blei ført opp millom "svikarane" imot Gud, Kongen, kjerka og fedrelandet var ikkje det verste. For løgna kan ikkje i lengda hevde seg imot sanninga. Men at heile presteskapet stemte i med, og gjekk so djupt ned som til kvalifisert blasfemi ved å bere dette løgnpåstandet fram i gudstenesta som Guds ord til kyrkjelyden, ja det var meir enn eg greidde. Men då kunne eg berre gråte.

Sidan prøvde eg i ca. 2 år å få saka mi opp for rett, men fåfengt. Eg måtte so finne meg i det kompromisset å take imot eit mindre soknekall som straff for "sviktet", ikkje sviket, som dei no kalla det.

Det var *ein* mann som stengde vegen tilbake til Tromsøysund. Men det korkje han eller andre "fiandar", og ikkje eg sjølv heller forstod den gongen, det var at det er Ein som kan snu det vonde slik at det blir til velsigning. Kvæfjord blei Guds gode gåve til oss.

Eg kan aldri fulltakke for at vi kom hit. Det blei medvind og gode dagar. Når enden er god blir allting godt.

Berg Rolness (sign)



Ragna
Nilsen Rolness (CI.1.)



Berg Rolness (A1.5.3.2.1.2.)



Ved mor Ragna's gravsted (Per, Randi, far Berg, Roar og Gaute.)



Så er også far død.



85 ÅR

Sokneprest Berg Rolness er 85 år den 1. juni. Han er no pensjonert ved aldershelmen i si fødebygd Ibestad.

Rolness sitt namn som prest, er velkjend over heile vår landsdel. Det er fiskarglunten som rodde lofotfisket og finnmarkfisket og brukte berre 6 år frå fiskarbåten til preikestolen. Det er rekord. Men Rolness var eit emnefunn. Med pågåmot og vilje la han sigersmål attom seg og stemde vidare fram.

Han merkte seg ut alt i studenterdagane. Var medlem av styret for sosialistisk studentlag og nestformann der. Han tok til på Menighetsfakultetet, men flytta over på Universitetet. Han tok eit fundamentalistisk standpunkt. Skilde seg ut frå dei andre. Ikkje politisk eller sosialt, men teologisk. I forkynninga hadde han vidt utsyn, og preikene hans har alltid vore fyllt med djup kjensle og vidt vengefang.

Det hadde lenge vore ungdomsprestar i Trøndelag og Vestlandet. Nå kravde ungdomsfylkingane ein målprest nordpå, og Rolness blei den første ungdomsprest i Hålogaland. I fem år vart han så knytt til Nord-Noreg som ungdomsprest.

I 1924 kom han som sokneprest til Kinn ved Florø. Her vart han ein folkekjær prest som det ennå går fråsegn om. Han arbeidde opp prestegarden frå 9 til 18 kyr. Han tok til her med det første Menighetsblad på landsbygda i Noreg. Hadde perm frå embetet og studerte ved Oxford og Edinburg universitetet eitt år. Var sjomannsprest i London eit år.

I 1935 kom han til Nord-Noreg att. Han vart då sokneprest i Tromsøysund. I 1948 fekk han Kvedfjord prestekall. Her slutta han ved oppnådd aldersgrense. Han har fungert som prest heilt til det siste. Han hadde både brurvigsel og barnedåp i Tromsø siste nyårshelga. Han har tent den norske kyrkja i 60 år — derav 41 år som embetsprest. Rolness var eit stort og hjartevarmt menneske i sorg og glede — mellom dei tusund han tente som prest. Enno banker det varme i hjarta i han — berre eldre og meire vårt. Lukke med alders ungt sinn.

E. R. Ruud

Edvard Ruud

**HYLLING TIL BERG ROLNESS PÅ 85 ÅRS-DAGEN
1. JUNI 1977**

Ditt namn det tonar langa
med strand
og lenge vermer elden som
du tende
Du sjølv var silk ein takkelbrand
som islagd sinn til solhug vende —


Du nærde med din talekunst
og vernde med di ånd
Du gjorde kvardags strev
til livskunst og til altardom —

Ditt heimemål — det vyrde du —
og tok det med — som dyre
arvegull —
Du tala det med fynd og klem —
Din kunst var ord —
Ho tala gjennom deg — vår
gamle mor —

Du røynde sjølv dei harde kår —
som fiskarglunt i bu og båt —
men fann din veg — ein solljos vår
Ho bar di tru: Gud er attåt. —

Det lakkar og det lid —
mot kveld — på livsens hav —
Den siste fjord du ror —
Ho står på klem di øvedør —
Legg åt — du trauste høvedsmann
Det tonar og det syng om land —
Vi hyller deg i kor. —

Edvard Ruud



Studenten Berg - eller læreren?

Mottatt 15/6-92.

INSTITUTT FOR NORSK
OKKUPASJONSHISTORIE

Sender dette, som et ypperleg
døme på presteskapes og
kyrkjes si høykreiste inn-
stilling under krigen -
og som det heldt kapp
etter vindene, -

Berg Rolness var et
undantak. Men han
vart forfølgd av preste-
skapet.

Venerlig

Edvard Munn

Sender den omstridte boka -
slik ho var for omstridelsen -
da min artikkel blei tatt ut!